


# KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder



## Sammendrag

Kartfesting, verdivurdering og beskriving av viktige friluftsområde i Haram skal legge grunnlag for å ivareta viktige areal for alle former for friluftsliv. Målet er å sikre og bevare mulighetene til eit variert friluftsliv i nærmiljøet og i naturen, - både i fjell og i fjøre i no og i framtida.

Haram kommune

## Innhold

1. Mandat .....	2
2. Formål.....	2
3. Kommuneplanens samfunnsdel - strategiplan.....	2
4. Møreforsk –K6 undersøking .....	2
5. Arbeidsbeskriving og kartlegging .....	3
5.1 Oppstart og etablering av arbeidsgruppe .....	4
5.2 Kartlegging av friluftsområder (11 områdetypar etter rettleiar) .....	4
5.3 Kartlegginga – eit Innspel i drøfting av arealbruk .....	8
5.4 Informasjonssamling .....	9
5.5 Kartleggingsmøta.....	9
5.6 Friluftsområda i arealplanen .....	12
5.7 Opp følgjande arbeid og bruk av kunnskapsgrunnlaget .....	13

## **1. Mandat**

Planprogram for ny arealdel av kommuneplan (punkt 3.8.2) gjev mandat til at det skal gjennomførast kartlegging og verdsetting av friluftsområda i Haram kommune. Kommuneplanen skal også sikre tilrettelegging for rekreasjon nær der folk bur og prioritere samanhengane grønstrukturar i tettstadaområda.

## **2. Formål**

Formålet med kartlegginga er å identifisere, utvikle og ivareta viktige areal for alle former for friluftsliv. Målet er å sikre og bevare moglegheitene til eit variert friluftsliv i nærmiljøet og i naturen, - både i fjell og i fjøre, no og for framtid.

## **3. Kommuneplanens samfunnsdel - strategiplan**

Strategiplanen sin visjon:

*«Haram skal vere den leiande maritime industrikommunen i Noreg. Kommunen skal vere kjend for å satse på livskvalitet, og til ei kvar tid vere mellom dei beste norske kommunane å bu i».*

Det tredje strategiske tema (av 4 totalt) i strategiplanen er Haram som bu- og etableringskommune. Under dette temaet skal det prioriterast kultur,- og fritidsarena, samt oppretthalde status som eit «friskt» samfunn-god folkehelse. Kartlegging og verdsetting av friluftsområde er med på å bygge opp under strategiske område og prioriteringar fastsett i strategiplanen for Haram kommune.

## **4. Møreforsk –K6 undersøking**

Møreforsk gjennomførte på vegne av K6 (Ørskog, Skodje, Ålesund, Giske, Haram og Sula) ei brukarkartlegging «regional attraktivitet-kartlegging av brukarerfaringar» i mai 2013. Undersøkinga vart gjennomført for å finne ut kva som gjer regionen attraktiv for dei som nyleg har flytta hit av ulike årsaker. Ein av dei tydlegaste kvalitetane med Haram og Sunnmøre forøvrig, er storslått natur med gode høve for eit aktivt friluftsliv. Der er framleis behov for tilretteleggingstiltak som gjer tilgangen og bruken av naturen lettare; som merking av stiar, informasjon om kvar stiane startar, knyte saman stiar for betre tilgang til større områder mm. Blant fleire konkrete tiltak for å gjere regionen meir attraktiv, er marknadsføring av naturen og det å legge til rette for meir aktiv bruk viktig. Rapporten får fram viktigeita av natur og friluftsliv, som ei tiltrekkingskraft og salsvare som kan marknadsførast, samt at tilrettelegging for bruk av naturen og bevaring av naturverdiane er heilt vesentleg.

## 5. Arbeidsbeskriving og kartlegging

Kartlegging og verdsettingsarbeidet skal vere ein integrert del av arbeidet med kommuneplanens arealdel, arbeidet er forankra i godkjent planprogram for arealdelen, i punkt 3.8.2.

Arbeidet med kartlegginga skal gjennomførast i tråd med veileder frå Miljødirektoratet: [Kartlegging og verdsetting av friluftsområder](#) M98-2013.

Kartlegginga skal ta føre seg eksisterande område brukt til friluftsliv, som omfattar blant anna;

- Badeplassar
- Utfartsområde for båt
- Fiskeplassar
- Strand/fjøreområde
- Leikeplassar
- Klatring/buldring
- Ridestiar
- Turstiar, turveggar
- rasteplassar, eller andre område for opphald, leik eller annan aktivitet

Etablerte idrettsanlegg vert ikkje registrerte, då desse i hovudsak er sikra gjennom reguleringsplanar. Kartlegginga tek ikkje omsyn til eigartilhøve, interessekonfliktar eller anna.



Figur 1. Vegleiar for kartlegging og verdsetting av friluftsområde

## 5.1 Oppstart og etablering av arbeidsgruppe

Det vart etablert ei arbeidsgruppe som skulle gjennomføre arbeidet med kartlegginga. Arbeidsgruppa bestod av folkehelsekoordinator, representant for Sunnmøre friluftsråd, kommunen sin kartansvarleg og rådgivar frå kommunen si planavdeling. Desse hadde ansvar for å gjennomføre arbeidet.

### Arbeidsgruppe

Marit Tande (folkehelsekoordinator)  
Gunn Hellevik (Sunnmøre friluftsråd)  
Kjetil Grytten (GIS ansvarleg)  
Hege Gjørund (planansvarleg)

I tillegg vart det kalla inn representantar frå friluftsansjasjonar, idrettslag, bygdelag mm for kvart delområde som vart kartlagt. Desse personane var ressurspersonar og hadde god oversikt og lokalkunnskap for dei områda dei skulle kartlegge. Samansetningane av kartleggingsgruppene dekte kommunen godt geografisk, ulike typar interesser var representert og der var også speiding i alder og kjønn på deltakarane.

## 5.2 Kartlegging av friluftsområder (11 områdetypar etter rettleiar)

Arbeidet med kartlegginga er gjort etter vegleiaren, og omfattar at alle friluftsområda skal avgrensast i kart, nummererast/kodast og kategoriserast etter type bruk (sjå tabell 1). Deretter skal kvart areal verdsettast etter verdsettingskriteria frå Miljødirektoratet sin rettleiar.

### Kort om metodikken etter rettleiar M98

- ❖ Funksjonell avgrensing av områder i kart
- ❖ Klassifisering i områdetype
- ❖ Områdebeskrivelse
- ❖ Utfylling av verdsettingskriterier, score 1-5
- ❖ Endelig verdsetting
  - A Svært viktig område
  - B Viktig område
  - C Registrert område
  - D Ikke klassifisert
- ❖ Digitalisering

**Tabell 1.** Områdedetypar etter type bruk, koding

Områdedetypar		
Kode	Forklaring	
NT	Nærturterreng	Vegetasjonskledde områder på meir enn 200 daa. Området skal vere knytt til byggeområde, bustadområde, skule, barnehage, og ligge i gangavstand frå desse. nærturterreng skal vere allment tilgjengelig og det er moglegheita til bruken av området som er viktig, uavhengig av reguleringsstatus og eigedomsforhold.
LR	Leike- og rekreasjonsområde	Leikeplassar, ballplassar, nærmiljøanlegg, hundremeterskogen, badestrender, offentlig sikra område, parkar og liknande som er mindre enn 200 daa. Særleg viktig for dei med liten aksjonsradius, born og eldre. Kan vere opparbeidde eller naturmark. Offentleg tilgjengeleg og ligg ofte innanfor tettstadsgrensa.
GK	Grønntkorridor	Viktige friluftsområder, som også er ein del av transportsystemet for gåande og syklande, viktige forbindingslinjer som knyt saman bustadområde, friluftsområde etc. grønne korridorar som boble bustadområde saman med barnehage, skule, sentrum etc. Slike grønne korridorar bør vere på min 30 meter med naturprega areal utan busetting.
MA	Marka	Omfattar nokre av dei viktigaste område for friluftsliv i kommunen. Består av samanhengande utmarksområder med skog og hei, med tilrettelegging som sti,-løypenett, utfartshytter etc. jordbrukslandskapet kan utgjere ein viktig del av kvalitetane og i randsonen til marka. Større område som ligg i tilknytning til busetting og brukast aktivt regnast som områdetypen «Marka».
SS	Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag	Områder langs kyst, innsjøar og vassdrag med moglegheiter for allment friluftsliv. Farlei, kystleder, fiskeplassar skal også registrerast. Tilrettelagte område for friluftsliv; bading, fiske og liknande. Kyststiar, strandhogg (område for ilandstigning), overnattingshamner etc. farlei for fritidsbåtar.
KL	Jordbrukslandskap	Område av betydning for friluftslivet, der ein kan ferdast i den tid marka er frosen. Ferdselsveggar som er open for fri ferdsel, sti,-løype, turvegforbindingar, skogsveg mm.
UO	Utfartsområde	Store og små område som ligg utanfor den umiddelbare nærleik, men der reisetida ikkje er lengre enn at den kan aksepterast for ein dagstur. Båttutfartsområde, skiutfart, elve,-kanopadling, klatring, rafting, grotter. Ofte ein stad å oppleve ting. Ofte konkrete turmål, med p-plass, i landstigningsbryggjer, ofte, lokale, regionale og kanskje nasjonale brukarar.
TM	Store turområde med tilrettelegging	Områdetypen dekkjer dei nasjonalt viktigaste fjell,-skog og heiområda med tilrettelegging i form av merka tursti og løypenett, med tilhøyrande overnattingshytter.
TU	Store turområde utan tilrettelegging	Store områder eller system av delområder som er «inngrepsfrie».
SK	Særlege kvalitetsområder	Landskap, natur eller kulturmiljø som har heilt spesielle opplevingskvalitetar, eller symbolverdi. Nasjonalt viktige kulturlandskap, vassdragsnatur, seterlandskap, øyer, fjordar, badeplassar med stor symbolverdi, gamle ferdselsårer, etc.
AF	Andre friluftsområder	Områder som ikkje passar inn i dei andre kategoriane.

Dei ulike kartlagde områda vart deretter verdsett etter verdsettingskriteria i rettleiaren (Tabell 2).

**Tabell 2.** Verdsettingskriterier frå rettleiar

Verdsettingskriterier		1	2	3	4	5
<b>Brukarfrekvens</b>	Kor stor er dagens brukarfrekvens?	Liten	Noko	Middels	Ganske stor	Stor
<b>Regionale og nasjonale brukarar</b>	Brukas området av folk som ikkje er lokale?	Aldri	Nesten aldri	Middels	Ganske ofte	Ofte
<b>Opplevingskvalitetar</b>	Har området spesielle natur,- og eller kulturhistoriske opplevingskvalitetar? Har området spesielt landskap?	Ingen	Litt	Middels	Ganske mange	Mange
<b>Symbolverdi</b>	Har området spesiell symbolverdi? Identitetsskapande, tradisjon	Ingen	Litt	Middels	Ganske stor	Stor
<b>Funksjon</b>	Har området ein spesiell funksjon (åtkomstsone, korridor, parkerings-plass el.likn.)?	Ingen	Noe	Middels	Ganske spesiell	Stor
<b>Egnetheit</b>	Er området spesielt godt egna til ein eller fleire aktivitetar som ikkje det fins like gode alternative områder til?	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
<b>Tilrettelegging</b>	Er området tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper?	Ikkje tilrettelagt	Litt	Middels	Ganske godt	Høg grad
<b>Kunnskapsverdiar</b>	Er området egna til undervisingssamheng eller har spesielle natur eller kulturvitskapelege kvalitetar?	Få	Ganske få	Middels	Ganske mange	Mange
<b>Lydmiljø</b>	Har området eit godt lydmiljø	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske godt	Godt
<b>Inngrep</b>	Er området inngrepsfritt?	Utbygd	Ganske utbygd	Middels	Ganske inngrepsfritt	Inngrepsfritt
<b>Utstrekning</b>	Er området stort nok til å utøve dei ønska aktivitetane?	For lite	Manglar mykje	Manglar noko	Manglar lite	Stort nok
<b>Tilgjenge</b>	Er tilgjengelegheita til området god	Dårlig	Ganske dårlig	Middels	Ganske god	God
<b>Potensiell bruk</b>	Har området potensiale for bruk ut over dagens bruk?	Liten	Ganske liten	Middels	Ganske stor	Stor

Får eit område ein eller fleire tallverdiar på 5 av dei utvalde verdikriteria, er dette nok til at området skal vurderast som «svært viktig» i følgje rettleiaren (sjå tabell 3. for korleis ein skal gjere verdivurdering av områda)

Tolkinga av verdsettingskriteria i tabell 2 kunne vere noko utfordrande for enkelte område. Vedlegget til vegleiaren M-98/2013, *Forklaring av verdsettingskriteria* vart mykje brukt, og vart repetert for kvart møte med ressursgruppene, for å tilpasse tolkinga av kriteria til dei lokale forholda. For eksempel vil «Mykje brukt» vil ikkje bety like mange brukarar for eit område på Fjærtøft som i Oslo.

Kriteriet *\*Funksjon* er nytta for område som har en spesiell funksjon for omkring liggjande friluftslivsområde, eks. at det er ein p-plass, ei tilkomstsone, ein korridor etc. som gjer eit nærliggjande område meir tilgjengelig.

- Kriteriet *\*Tilrettelegging* vart noko tilpassa lokale forhold. Det vart nytta talkarakter 2 dersom der er for eksempel merka tursti. Det vart sett talkarakter 5 for område som har både grusa tursti, parkering, skilting mm, og du kan kome fram med barnevogn, rullestol og sykkel. Talkarakter 5 inneber ikkje tilgang på WC.

- Kriteriet *\*Utstrekning* var vanskeleg å bruke i mange samanhengar – begrepet har ei litt upresis tyding. Det stod i vegleiaren at det i mange tilfelle kunne kuttast ut, men det vart i hovudsak tatt med. Dei fleste områda har fått karakter 5,= at det er så stort som det bør vere for å tilby aktivitetane ein gjer der. I område der det vart diskutert forbetringar, som omfatta tiltak inn mot området, vart karakteren sett noko lågare, for eksempel 4. At området manglar noko i utstrekning for å fullt ut kunne nyttast til aktiviteten, døme; *Området kan forlengast mot vest for å knyte turområdet saman med eksisterande gangveg*. Det er ikkje lagt serleg vekt på kriteriet i verdisettinga.

- Kriteriet *\*Potensiell bruk* vart også nytta med varsemd. Men det gjorde seg relevant nokre stadar. – for eksempel dersom eit område er eigna, men der ligg før ei hindring for at det kan takast i bruk. Der er sett karakter 4-5 dersom eit områda, med enkle tiltak, har potensiale for relativt høg auke i bruk; for eksempel etablering /forlenging av turveg til å verte ein «runde», evt lyssetting av ein turveg, fjerne hindringar etc. Kriteriet er brukt for å syne område der ein kan få til meir bruk, dersom det vert lagt til rette for dette.

- Kriteriet *\*Tilgjenge* har enkelte likskapar med kriteriet tilrettelegging. Samtidig handlar dette kriteriet først og fremst om muligheter for bruk, tilgang på p-plasser og nærleik til ulike brukargruppe. I Haram er dette kriteriet nytta slik at der er sett låg karakter, dersom området er litt vanskeleg tilgjengeleg, for eksempel på grunn av farleg tilkomst, tilkomst over inngjerda landbruks/beiteareal, dårleg parkeringsmoglegheit.

- Kriteriet *\*Lydmiljø*. Det viktigaste her har vore å plukke ut område som har lite støy og gi høg score på desse. Stille områder representerar ofte ein spesiell kvalitet i samanheng med friluftsliv. Fjellparti og toppturar har fått karakter 5.

**Tabell 3.** Tabell for verddivurdering av friluftsområda

Verdi	
Verdi	Anbefalt skala
<b>A Svært viktig friluftsområde</b>	Brukarfrekvens 4,5 eller Regionale/nasjonale brukarar 4,5 eller Opplevingskvalitetar =5 eller Symbolverdi=5 eller Funksjon =5 eller Egnaheit =5 eller Tilrettelegging =5 eller Generelt høg score
<b>B Viktig friluftsområde</b>	Brukarfrekvens 3 eller Regionale/nasjonale brukarar 3 eller Opplevingskvalitetar = 3,4 eller Symbolverdi= 3,4 eller Funksjon =3,4 eller Egnaheit =3,4 eller Tilrettelegging =3,4 eller Generelt middels score
<b>C Registrert friluftsområde</b>	Brukarfrekvens 2 eller Regionale/nasjonale brukarar 2 eller Opplevingskvalitetar = 2 eller Symbolverdi= 2 eller Funksjon =2 eller Egnaheit =2 eller Tilrettelegging =2 eller Generelt lav score
<b>D Ikkje registrert friluftsområde</b>	Områder som ikkje vert verdsett som A, B eller C

### 5.3 Kartlegginga – eit Innspel i drøfting av arealbruk

Alle kjende friluftsområde i Haram er kartlagt og verdsett. Kunnskapsgrunnlaget skal nyttast i vidare planlegging ved utarbeiding av nye detaljplanar og i enkeltsakshandsaming. Arbeidet skal vere eit viktig innspel i drøftinga av framtidig arealbruk. Kartlegginga er viktig i forhold til å unngå nedbygging av friluftsområder og sikring av tilkomst til slike, dersom det er utbyggingar i nærleiken til utfartsområder. Ein får ei meir systematisk tilnærming til friluftsliv som tema i arealplanlegginga, noko som kan bidra til å sikre friluftsområde for framtida. Det er viktig å få fram korleis friluftsområder og friluftslivet vert råka av ulike tiltak, og kva kan gjerast for å unngå, eller minimere negative verknadar for friluftsliv. Dei viktigaste friluftsområda, her område med verdi A, er avsett som omsynssone friluftsliv H530 i kommuneplanen, for å unngå framtidig omdisponering. Område med verdi B, er anbefalt å ha sterk sikring. Det er ikkje avsett omsynssone rundt B-områda, fordi dette medfører dårlegare lesbarheit av arealplanen. For område med verdi C og D skal friluftinteressene vurderast, samt om der er aktuelt med avbøtande tiltak, ved konflikt med andre samfunnsbehov eller interesser.

## 5.4 Informasjonssamling

Det var viktig tidleg i arbeidet å skaffe ei oversikt over alle typar kartlegging av friluftsområde, planstatus, vernestatus, idrettsområde etc.

Det vart nytta informasjon frå Gislink – tema; fotturar, registrerte morroturar (alle kategoriar) for Haram. I GIS-link ligg også alle FRIDA-område: registrerte friluftsområde i Møre og Romsdal med faktaark «Miljøverndata» for kvart registrerte område.

I tillegg er rapporten *Kartlegging av naturtypar i Haram kommune (2005)* nytta, samt Naturbase.no som har informasjon om særlege naturkvalitetar, vernestatus mm.


Der er utgjeve *Turbok for Haram* (forfattar Hilde Ellingsæter). Boka syner alle kjende turområde i kommunen, samt tilkomst og moglegheiter for parkering og beskriving av turane. Turane i denne boka er samanlikna med digitale kjelder av friluftsområde, for å sikre at alle kjende turområde vert med i kartlegginga.

I tillegg er der gjort barnetrakkregistrering i alle barnehagane og skulane. Dette arbeidet omfattar ein eigen temarapport, men delar av informasjon frå barnetrakkregistreringa er også teke med i friluftskartlegginga, for å få oversikt over friluftsområde barnehage/skular brukar. Dette gjeld særleg der område nytta til friluftsliv er truga av annan arealbruk.

Eksisterande og tilgjengeleg informasjon om friluftsområde vart systematisert og nytta som basiskjennskap før sjølve kartlegginga starta.

## 5.5 Kartleggingsmøta


Det var viktig å sikre god medverknad frå ulike bygder, turlag, idrettslag og tettstadar, samt at personane som var med på kartlegginga av eit område var lokalkjent og brukar av friluftsområda. Kommunen vart delt i ulike soner, der ein søkte personar frå kvart område som kunne bidra i kartlegginga. Det vart haldt sju separate kveldsmøte med 2-3 representantar frå kvar registreringssone. Kvar av øyane i Haram utgjorde kva si sone (Lepsøy, Haramsøy, Longva, Fjørtoft), mens fastlandet vart delt inn i «Tennfjord/Vatne/Vestrefjord/Slyngstad», «Søvik, Grytastrand, Terøy, Gamlem» og «Brattvåg, Helland, Hildre med omegn». Personane som deltok var representantar frå øyråd, lokale idrettslag, turgrupper, bygdeutval og lokale eldsjeler innan tur og friluftsliv.



**Figur 2.** Geografisk inndeling av kartleggingssonene der ressursgruppene kartla sin lokale sone.

I kvart møtet gjekk ein igjennom kjende registrerte turområde, i tillegg vart andre turområde som ikkje var kjende/registrerte frå før kartfesta. Når ein var ferdig med kartfestinga, gjekk ein igjennom alle friluftsområda og verdivurderte dei i tråd med vegleiaren frå miljødirektoratet. Resultatet vart deretter ført inn i ein mal (Excel fil) utarbeidd av MD. Alle friluftsområda er registrert med omsyn til ID, kommunenr, årstal, områdenamn, områdestype, områdebeskriving, brukarfrekvens, regionale/nasjonale brukarar, opplevingskvalitetar, symbolverdi, eignaheit, tilrettelegging, kunnskapsverdiar, lydmiljø, inngrep, tilgjenge og potensiell bruk (sjå tabell 2). Områda får ein verdi (A,B,C eller D) basert på vurderinga av alle vurderingskriteria i tabell 2. Framstilling av arbeidsprosess i figur 4.





**Figur 5.** Figurativ framstilling av arbeidsprosess med kartlegging og verdsetting av friluftsområder

## 5.6 Friluftsområda i arealplanen

Resultata frå kartlegginga av friluftsområde har vore grunnlag for arbeidet med arealplan og arealvurderingar i planen. Alle friluftsområde med verdi A (svært viktig) er lagt inn med omsynssone friluftsliv. Dette er ikkje nødvendigvis store urørte naturområde, men kan vere små område med svært høg brukarfrekvens, eks: «daglegturen», «nærturområde», område som ikkje fins erstatning for (eks.

badeplass eller skøytedam), område som er sterkt knytt til identiteten på staden eller tilrettelagte område som kan nyttast til fleire typar aktivitetar. Ein ser at område som er noko tilrettelagt, eksempelvis med turveg, parkering, lyssetting etc. kan vere svært viktige turområde. Det er ofte også desse områda, i nærleiken av bebygde område, som potensielt er mest truga av utbygging eller endring i arealbruk.

Alle registrerte friluftsområde vert kartfesta i eigen *Temaplan for friluftsområde*, mens område med verdi A er kartfesta i sjølve arealplanen, og der er fylgt opp med føresegner for områda.

Arealplanen legg opp til å etablere nye bustadområde i gangavstand til friluftsområde, for å legge til rette for at innbyggjarar har friluftsområde i nærleiken av bustad. Tema friluftsliv og friluftsområde er vurdert i konsekvensutgreiing for alle nye utbyggingsområde.

Der er lagt inn framtidige turvegar i arealplanen, der det i kartleggingsarbeidet kom fram at dette var eit ynskje, under vurdering av punktet «potensiell bruk». Det vart gjort ei vurdering av forhold som kunne bidra til at eit friluftsområde fekk ein høgare brukarfrekvens enn i dag, og det kom fram blant anna for Longva og Vatne at der var ynskje om turveg. Der er i arealplanen angjeve arealbruk «turveg» og trase med omsynssone friluftsliv rundt Vatnevatnet og på nordaust sida av Longva, for å knyte saman turvegar, slik der vert moglegheiter for ein «tur-runde». I tillegg er det lagt inn arealbruk gang, -sykkelveg langs fylkesvegen frå Kvithaugen til Alvestad, der det manglar gangvegforbinding frå Kvithaugen til turvegen på Hildre/«Remmevegen». Turvegen langs Hildrestranda er i arealplanen delvis i konflikt med ny trase for fylkesveg 659. turvegen vert difor ikkje vidareført i arealplanen med omsynssone friluftsliv, då dette vil kollidere med omsyna lagt inn i planen, der det vert halde ope ei sone for framføring av ny fylkesveg i framtid. Turvegen over Hildrestranda vil likevel ha ein stor verdi for friluftsliv og folkehelse fram til ein eventuell ny fylkesveg vert realisert.

## **5.7 Opp følgjande arbeid og bruk av kunnskapsgrunnlaget**

Kunnskapen utarbeidd gjennom kartlegginga av friluftsområde skal leggjast til grunn, på like linje med annan kunnskap, i utarbeiding av reguleringsplanar og i enkeltsakshandsaming. Områda med verdi A vil også ha ei sikring igjennom arealplanen og tilhøyrande føresegner.

Kunnskapen bør også nyttast i vurdering av om der er område som bør vere statleg sikra. Samarbeid med friluftsrådet er her vesentleg, for å få vurdert områda som kan ha potensiale til å verte statleg sikra, og starte arbeidet med gjennomføring av dette.

Det bør vere ei oppdatering/vurdering av behov for oppdatering, av temakart Friluftsområde ved rullering av kommuneplanens arealdel. Elles bør temakartet oppdatertast digitalt dersom det skjer større endringar ved enkeltsøknad eller regulering som råkar registrerte friluftsområde direkte eller indirekte (stengt tilkomst, parkering etc.)

Ved 1. offentleg ettersyn av arealplanen er ikkje temakart for friluftsliv ferdig digitalisert. A områda er tatt inn i arealplanen, men dei andre kartlagde områda er ikkje kartfesta digitalt enda. Dett vil vere ein del av opp følgjande arbeid etter offentleg ettersyn, slik ein får på plass temakart friluftsliv.